

4

2012

NaturVest

Medlemsblad for Naturvernforbundet Hordaland og Møre og Romsdal

Tema:

Forbruk og avfall

Velstandsfinden s. 4-5

Grøne julegaver s. 7

Skal ingen fjord være ukrysset? s. 18-19



Signe Sandberg

”Mänskornas tröst”

Naturvern, ikke festbrems. Hva gjør naturvernerne når folk forbereder seg til jul? Til den ultimate familiefesten? Hjemreisefesten, ribbefesten, gavefesten, de tente lysene? Sitter vi da på gjerdet og sier nei og nei!

Bekrefter vi vårt dårlige rykte som festbrems?

Jeg tror: hoderisting og surmuling er dårlig naturvern. For naturvern og fest har felles røtter. Det handler om å finne det vi egentlig jakter på: Nærhet og beskyttelse, høytid og felles gleder, mat og varme. Ingen tjener på at naturvernere er de kjipe. Vi må si høyt og klart at det er godt når folk er sammen. Kommer hjem og blir i ro noen dager.

Det er godt å gi hverandre, - det beste vi kan få til.

Og, det er godt å la oljen bli i depotene sine, slik at også noen som kommer etter oss, kan holde fest. Det er godt om folk ikke flytter lenger enn nødvendig, så hjemreisene blir korte. Det er godt å tenne lys, når det er mørkt rundt.

Hvorfor har julen fått status som avfallstopp og sløseri? Fetekur og pyntehysteri? Det er selvfølgelig fordi vi ikke vil vente til festen. Vi vil ha tente lys overalt hele tiden. Vi vil ha det hele med en gang, og ikke vente på noe. Å få det en allerede har – det er vel det som bremser festen!

Å pakke inn gavene i plast og pynt og ny plast, det produserer avfall. Ikke glede. Avfall er ressurser på avveie.

Naturvern er god forvaltning, et arbeid vi må få flere med på. Det er flest hverdager, og arbeidsdagene må brukes til å plassere ressursene best mulig. Stoppe avfallsproduksjonen. Da kan det bli flotte høytider.

For plasten er olje vi skulle latt ligge. Ribben er god, et par ganger i året. Som dagligkost er den et helseproblem. Hjemreisene er lim i familien. Når de ikke frister til pendling. Til å strekke seg lenger enn langt for å kunne være alle steder på en gang.

Inntil myndighetene gjør det, må noen gå foran. Rasjonere på oljen, så den rekker til mer enn en jul. Så det er noe til de som kommer etter oss. Festen skal gi oss krefter, hjelp til å konsentrere om det som er viktigst for oss. Føre en god husholdning, slik at der er kaker i boksene til jul! Vil vi verne, eller vil vi feste? Ja takk - begge deler!

Bengt Goldodis Stego er same og fransiskanermunk. Han skriver et vakkert vers om fjellbekken:

*Jag har öst med en skopa av näver
ur kallkällans kristallkara kalla
det rena, det friska som stigit ur djupet.
Något som inte skapats av människor
men dock ämnats att bli mänskornas tröst.*

NaturVest

er medlemsbladet til Naturvernforbundet på Vestlandet. Naturvernforbundet Hordaland er ansvarlig utgiver for fire nummer i året, to av disse går også ut til Møre og Romsdal.

Naturvernforbundet fremmer kunnskap og løsninger som ivaretar naturen og skaper et energieffektivt samfunn i økologisk balanse. Vi er 20 000 medlemmer i 100 lokallag med fylkeslag i alle fylker og hovedkontor i Oslo. Vi er en del av den verdensomspennende miljøvernorganisasjonen Friends of the Earth.

Daglig leder

Nils Tore Skogland

Redaktør

Øyvind Strømmen

Bidragstere

Jorunn Vallestad, Tina Tracht, Marijke van Eeckhout, Anne Kristine Søvik, Klaus Hjermann, Lars Haltbrekken, Thorleif Jakobsen, Eirin Hivand Haneberg, Signe Sandberg, Øystein Folden, Peter Marron og Jannike Hachvaag Grieg

Annonseansvarlig

Sverre A. Stakkestad
Tlf. : 55 10 10 97

Layout

Tommy Lokøy

Trykk

A2G Grafisk AS

Opplag

2220

Forsideillustrasjon

«Daler ned i skjul»,
illustrasjon av Marijke van Eeckhout

NaturVest

Pb. 1201, sentrum
5811 Bergen

Tlf. 55 30 06 60

naturvest@naturvernforbundet.no

www.naturvernforbundet.no/hordaland

NaturVest er merket med det offisielle nordiske miljømerket Svanen. Designtrykkeriet, som trykker dette bladet, er godkjent som svanemerket bedrift.

Det betyr at bladet oppfyller definerte miljøkrav til papir, trykkfarge og trykkeprosessen som helhet.

Se også <http://www.ecolabel.no>



Innhold

Velstandsfinden	4
Grøne julegaver	6
Eg lovar på tru og ære.....	9
«Ingen ild uten røyk?».....	10
"Hel ved" - bokmelding.....	10
Klimaets tålegrense,.....	12-14
Miljøagentene	16-17
Fergeløs E39: Skal ingen fjord være ukrysset?	18-19
Nnimmo Bassey vann Raftoprisen.....	20-21
Kalender	24



Naturvernforbundet arbeider for smartare vedfyring, s. 9-11



I dette nummeret er temaet forbruk og avfall. Les om Velstandsfinden, s. 4-5, og få tips til korleis avfallsberget etter julafta kan bli mindre på s. 6-7.



Er bruer over kvar ein fjord vegen til lukka? Det synest ikkje Naturvernforbundet sine fylkesleiarar på Vestlandet, sjå s. 18-19.

Tilbakeblikk

Av og til er det kjekt å få bekreftet at ting går fremover. Går vi tilbake til NaturVest nr. 4/2007 kan vi lese at Naturvernforbundet i Hordaland har visjoner om å jobbe «aktivt for å lage en ordning for utfasting av oljefyrer», og at forbundet ville lage veiledere til energifrigjøring for private og bedrifter. - Vi ønsker å vise hvordan en konkret kan ta miljøansvar. Gulroten er reduserte driftskostnader og et sunnere miljø, sa Nils Tore Skogland, daglig leder i Naturvernforbundet Hordaland den gang som nå.

Og i 2012 kan vi vel slå fast at prosjektet – Oljefri-kampanjen – har vært en suksess. Det har til og med blitt en eksportsuksess. Alt startet i Hordaland, men nå er både trøndere, sørlending og østlendinger med på laget. Og flere og flere blir oljefri, med hjelp fra Naturvernforbundet og Akershus fylkeskommune, Asker kommune, Aust-Agder fylkeskommune, Bergen kommune, BKK, Fjell kommune, Hordaland fylkeskommune, Kristiansand kommune og de andre kommunene i Knutepunkt sørlandet, Miljøverndepartementet gjennom Framtidens Byer, Oslo kommune, Statkraft Varme, Sør Trønde-



Nils Tore Skogland (tv), daglig leder i Naturvernforbundet Hordaland, viser det nye bystyret i Bergen hvordan man gjenvinner varme fra avløpsvann. Arkivfoto: NaturVest 2007

Velstandsfinden

Trass i både filosofar og prestar: som samfunn måler me kor vellukka me er etter forbruk. Skrifta på veggen er ikkje det minste hyggeleg.

Øyvind Strømmen

I januar i år publiserte e24.no ein artikkel der det heitte at «nordmenn øker forbruket med raskere fart», med utgangspunkt i Statistisk Sentralbyrå sine tal for detaljhandelen. Frå januar året før hadde det omsette volumet i detaljhandelen auka med 6,2 prosent. Dette er eit døme på slike tal som er vanskelege å forstå: Kva i all verda var det nordmenn kjøpte meir av i januar 2012 enn i januar 2011? Kva var det me ikkje hadde frå før?

I E24 sin artikkel vart seniorøkonom Kyrra Aamdal i DNB Markets intervjuet. - Dette er veldig sterkt, sa han. Eg er usikker på korleis det skal tolkast, og vil ikkje leggja ord i munnen på økonomen. Men nokre månader seinare stod det ein sterkare artikkel på trykk i Aftenposten. Der heitte det: «Hvis forbruksveksten i verden fortsetter, vil vi trenge én jordklode til innen 2030, ifølge miljøorganisasjonen WWF». Ifølgje WWF er det biologiske mangfaldet redusert med 28 prosent sidan 1970, og i takt med at både verdas befolkning og forbruket veks, aukar presset på økosystem og sårbare ressursar. I tillegg heldt auka i klimagassutslepp fram.

Eit land utan straum

Den siste tida har eg fått ein ny favoritt-TV-serie. Han heiter «Revolution» og handler om ei verd der strømmen – elektrisiteten, altså – plutsleg slutta å fungera. Forteljinga byrjar i eit samfunn som minner om veldig gode, gamle dagar, ein liten landsby som overlever på landbruk, der folk er smilande, glade og hardtarbeidande. Det er lett å fantasera vidare: tenk kva for ein renessanse folkeeventyra ville fått i eit samfunn utan fjernsyn!

Men dette er ingenlunde romantikk. Serien er som ein zombieserie utan zombiar. Samfunnet har borte saman. Nord-Amerika

– der handlinga sjølvsagt går føre seg – har etterkvart vorte stykka opp i fleire mindre land. Det kan verka som dei alle er ganske diktatoriske og fæle. I alle høve er området der serien utspeler seg knappast eit lysande døme på demokrati og menneskerettar. Det ville vel ha vore dårleg TV, med liten plass til heltane og skurkane i den dramatiska historia.

At straumen plutsleg skulle slutta å fungera er eit interessant, men sjølvsagt mildt talt urealistisk scenario. Dei fysiske lovene vert ikkje snudd på hovudet over natt. Det slåande med Revolution er at serien – i tillegg til å vera å spanande – fortel ei historie om kor avhengige me har blitt av det moderne livet, av duppedittar og dingsebommar, av fancy datamaskiner, og for den del av nettopp TV-apparatet. I den reelle verda handlar ikkje den avhengigheita fyrst og fremst om elektrisitet – den kan men få på fleire måtar – den handlar om fossile ressursar. Problemet: dei fossile ressursane er ikkje uendelege. I løpet av nokre få generasjonar er me i ferd med å rett og slett – i all praktisk forstand – bruka dei opp. Det gjev Nnimmo Bassey sitt slagord «Leave the oil in the soil» ein ekstra dimensjon.

Om Robert og Barack

Dei som fulgte med på den amerikanske valkampen nyss vil ha lagt merke til at miljøvern ikkje var noko tema. Obama – mannen over 90 prosent av nordmenn heia på – tok ikkje opp temaet i nemneverdig større grad enn det motkandidaten Romney gjorde. Faktisk nytta demokraten Obama høve til å latterleggja den republikanske motkandidaten for politikk som ville råka den amerikanske kolindustrien. Kol.

I sigerstala turde han endeleg å ta opp temaet. «Me vil at borna våre skal leva i eit Amerika som ikkje er tynga av gjeld, som ikkje er sveikka av ulikskap, som ikkje er

trua av den destruktive krafta av at planeten vert varmare». Det vart twitterjubel og avisartiklar ut av dei orda.

Og eg kom til å tenkja på ein annan amerikansk presidentkandidat, ein som vart skoten før han fekk sjansen til å bli vald – noko han låg godt ann til å bli. Mannen eg tenkjer på heitte Robert F. Kennedy, og tala tankane går mot er ei tale han heldt på universitetet i Kansas i mars 1968. Det er verd å sitera eit lengre utdrag:

«Bruttonasjonalproduktet vårt er no på over 800 milliardar dollar i året, men det bruttonasjonalproduktet – om me dømer USA etter det – det bruttonasjonalproduktet tel luftforureining og sigarettreklame, og ambulansar som ryddar trafikkofre av vegane våre. Det tel spesiallåsar til dørene våre og fengsel for dei som bryt dei opp. Det tel øyding av redwood-skogane våre og tapet av naturens vidunder til kaotisk utbygging. Det tel napalm og tel atomvåpen og armerte bilar til politiet slik at dei kan sloss mot opprør i byane våre. Det tel Whitmans rifle og Specks kniv, og fjernsynsprogramma som glorifiserer vald for å selja leikar til borna våre. Men bruttonasjonalproduktet fortel ikkje om helsa til borna våre, kvaliteten på utdanninga deira eller gleda i leiken deira. Det inkluderer ikkje det vakre i poesien vår eller styrka i ekteskapa våre, intelligensen i vår offentlege debatt eller integriteten til våre offentlege tenestemenn. Det måler ikkje humoren vår, og ikkje motet vårt, ikkje visdomen og ikkje kunnskapen, ikkje medkjensla vår og ikkje kor dedikerte me er til landet vårt. Det måler rett og slett alt, unnatta det som gjer livet verdtt å leva».

Det var i 1968. Det fyrste drivverdige funnet av olje på norsk sokkel skjedde desember året etter. Og så har vårt eige bruttonasjonalprodukt skote i verda, og etterkvart statens pensjonsfond utland med det, slik at

me har vorte eit slags nordens Kuwait.

«Man kan ikke spise penger»

Jens Bjørneboe tok feil. I sitt essay «Olje», skrive på den tida Noreg vart ein oljenasjon skreiv han: «Det vil bli penger mellom hendene på folk, - men på hva slags folk? - Jo, på Hydro-folk og på alle som på forhånd har nok penger til at disse pengene kan virke som magnet på nye penger». I røyndomen vart folk flest – den store, norske middelklassen – rikare, og me fekk ein velferdsstat av dei sjeldne, men ein velferdsstat som går rundt på grunn av petroleum.

Men hadde han også eit poeng? Mot slutten av essayet skreiv han: «Av alle de onde drømmer jeg har i våken tilstand holder oljen langs Norskekysten på å bli en av de ondeste. [...] Det er en del av marerittet at de norske oljefunn er den største ulykke som har rammet dette landet – det kan bli en landsulykke som stiller alt annet som har hendt oss, fullstendig i skyggen. Det verste er at jeg er sanndrømt».

Sterke ord, javisst, og vanskeleg å kopla saman med den velstanden som omgjer oss, i mjølkesjeikane sitt land. Men vent no litt: Er det ikkje ei ulukke at velferdsstaten vår er oljeavhengig, at olja si sentrale rolle i økonomien gjer det verre for andre, nye, gjerne grønne næringsvegar å finna kvalifiserte fagfolk; at oljenæringa pressar på for stadig nye felt? Lofoten! Arktis! Eg har høyrd dei som snakker om oljeutvinning på Svalbard eller ved Jan Mayen.

Det er Velstandsfinden, og han plukker ikkje plommer i Hardanger. Han takkar ikkje Gud for maten, han takkar Oljestaten, og vil ha meir, meir, alltid meir. Det er Velstandsfinden, som vil opna nye oljefelt, fordi alternativet er ein stat som ikkje kan kosta alt som er gjevt. Det er Velstandsfinden, som syter for at makta i Petroleumsvegen 1 er



Illustrasjon: Svanhild Utne og Anna Munck

minst like stor som den på Karl Johan. Og når ein snakkar om forbruksauke, og om alt avfallet i kjølvatnet, så er det Velstandsfinden sine reknestykke ein har med seg der også, reknestykke som måler kor vellukka me er etter forbruket, og som har tal for alt. Unntatt det som tyder noko. Det overlet ein til filosofar, eller – om ein er truande – til prestar.

Juletid

No nærmar det seg den største kjøpefesten ein har. Julegåvene skal plasserast under juletreet, og eit av dei mest interessante forskningsprosjekt eg kan koma på ville ha vore å måla talet på kvadratmeter stovgolvgolv som vert dekt av gåvene, og å sjå på arealauka år for år. Den sentrale figuren i julefeiringa er ikkje Jesus, men ein kar som

heiter Julenissen, men som liknar lite på gamaldagse nissar og mykje på Cola-nissen i reklamen. Ein ting er gåvene han kjem med til borna, ei kjelde til barnsleg glede (og til desto meir slik, om ein vel gåver som toler å bli brukt), men du veit det sjølv: Nissen kjem til å dukka opp på ein tv-skjerm nær deg, med reklame for ein ny og endå større og endå litt flatare tv-skjerm. Og då er det dei vaksne som trur på nissen.

Kos deg heller med ein kopp té, knask i deg nokre julenøtter og kos deg med den tsjekkiske Askepott på din gamle TV. Tenk over kvifor stemor og stesøster verkar så uendeleg usympatiske. Kort og godt: Driv Velstandsfinden ut i kulda ei lita stund – endeleg kvitt han blir ein ikkje, uansett.

Grøne julegåver

Gjer julafta til ein fest, ikkje ein avfallsprodusent.

Øyvind Strømmen

Jula nærmar seg, og du er kanskje ikkje kome i gang med julegåvene? Kanskje er du ikkje ein gong så lysten på å tråla travle butikkar på jakt etter gåver du er usikker på om mottakaren ein gong vil setja pris på? NaturVest let seg inspirera av tabloidjournalistikken, og leverer her ekte du-journalistikk: Slik kan du gjera jula grønare. Her får du seks tips.

Tips 1: Ynsk deg noko, og be om ynskeliste

Ja, me byrjar med deg sjølv, i von om at også du har vore snill, slik at nissen (eventuelt ektemann, kone, born) har gåver til deg. Men kva skal nissen finna på? Du er kanskje ein av desse som har «alt» frå før, og om nokon spør deg om kva du ynskjer til jul, svarer du – medan du smiler litt skjelmisk - «snille born», «fred på jorda» eller «du, det veit eg ikkje». Sett heller opp ei ynskeliste med ting du faktisk hadde vorte glad for. Ei bok du har lyst å lesa, kan hende? Eller for den del ei gåve til ein organisasjon du set pris på, eller til hjelpearbeid for folk som treng det? Set du «geitetvillingar frå Kirkens Nødhjelp» på ynskelista veks sjansen for at slepp unna ein ny gensar med elg i solnedgang-motiv, den elektriske nasehårkuttaren og vinglasa som er så fancy at du aldri tør å bruka dei. Og om du ikkje har skjønt hintet enno: Be andre om ynskeliste også!

Tips 2: Inngå ei sleip pakt

Nei, me snakkar ikkje om planane for verdsherredøme, som det vel strengt teke er

på tide å leggja ifrå seg. Me snakkar om ei pakt som lurar næringslivet for nokre kroner, og som gjev deg ting til å finna på andre ting. For er du kanskje lei av å måtta leita etter gåver til beina er slitne og hovu-det sprengt? Lat julafta vera borna sin fest, slepp unna å få gåver du ikkje har bruk for, og slepp unna ein del av julehandelen på kjøpet: Inngå ei pakt. Bli samd med til dømes din betre halvdel om at i år er julegåva å sleppa unna å kjøpa ei julegåve. Ikkje romantisk nok? Spleis på noko godt å nytta saman i romjula istadenfor.

Tips 3: Spleis på gåver

Når me fyrst er inne på spleising, så er det verd å minna om at ein ofte får det ein betaler for. Gå saman om å kjøpa gåver, så kan de kjøpa ei dyr og varig gåve til bestemor eller Ola (3), istadenfor for å kjøpa fleire sokkar til bestemor og ein plastleike som går i stykker 25. desember til Ola. Kanskje talet kvadratmeter dekt av julegåver vert litt mindre på stovegolvet, men gleda over gåvene vert neppe det.

Tips 4: Gje ei oppleving

Ja, me veit du har høyrd det før, men i eit land der folk flest har meir enn nok ting, kan det vera betre å gje av si eiga tid. Om du er bestemor kan du tilby deg nokre ekstra rundar med barnevakt, slik at slitne småbarnsforeldre får blund på auga og tid til å vera kjærestar. Er du småbarnsfar kan du gje nemnde svigermor nokre teaterbilletter, eit kurs i kunstmåling eller ein time hos ein fotpleiar, slik at ho kan ta seg inn igjen til neste økt med bøllefroa Ronny (5) og Kenneth (7). For lite kreativt, og ikkje

hard nok til å laga ein hard pakke? Gje ei matoppleving! Kva med ost frå Samnanger, honning frå Ulvik, øl frå Flåm eller eplechutney frå Hardanger?

Tips 5: Gje ei bistandsgåve

Å gje ting som kondommar, geitekillingar og helsesjekk som julegåver høyrer kanskje underleg ut, men for dei som har alt – også engasjement – kan ganske sikkert ei julegåve i deira namn til hjelpeorganisasjon verta vel så godt motteke som den siste biografien om ein eller annan stortingspolitkar. Ei rekkje hjelpeorganisasjonar har slike gavetillbod, og er du ikkje nøgd med nokre av dei, så kan du gje eit medlemskap i ein fin organisasjon som gåve istadenfor? Men ikkje meld din sinte onkel Harry inn i Blekkulf, eller, spør i det minste fyrst.

Tips 6: Kjøp etisk

Greit, så du er ein av desse tradisjonaltane som absolutt vil ha noko handgripeleg å gje bort? Det er greit det, men då er tipset enkelt og greit: Sjå etter ting som varer, sjå etter fairtradeprodukt og hugs at julepapir er eit avfallsproblem – så pakk inn i papir som kan gjenvinnast istadenfor, eller finn ei løysing som gjer at innpakninga kan brukast på ny seinare. Og for all del: Til borna er både treleikar og dataspel langt å føretrekkja framfor batteridrivne blinkleikar med ulydar som driv foreldra til vanvidd (og miljøgifter på kjøpet). Med andre ord: Ver ditt miljøbevisste sjølv, og tenk på kva du kjøper.



Illustrasjon: Svanhild Utne og Anna Munck

NYE **i-MiEV** REVOLUSJONEN FORTSETTER

Avkjølt om sommeren

Oppvarmet om vinteren



NYE MITSUBISHI I-MiEV ER HER

Med den nye fjernkontrollen kan du sette bilen til oppvarming eller avkjøling mens bilen lader. Dette uten at batterikapasiteten påvirkes. Nye Mitsubishi i-MiEV kommer i tillegg med stabilitetskontroll og antispinn, 6 kollisjonsputer, lettmotallfelger, klimaanlegg, elektriske vinduer, sentral-lås, radio/CD/MP3, USB inngang og rekkeviddeindikator.

Ny varmefunksjon - Integrert stereo - Oppgradert interiør - Fjernkontroll - Varsellyd for fotgjenger

Les mer på www.mitsubishi.no/i-MiEV

i-MiEV fra kun kr. **204.500,-**

ÅPNINGSTIDER:

Mandag - fredag 08.30 - 16.30
 Onsdag/torsdag 08.30 - 20.00
 Lørdag 10.00 - 14.30

ØVRE KRÅKENES 51
 5152 Bønes - tlf. 55 52 60 00
www.motorforum.no/bergen/

MotorForum
 Bergen

GARANTI
5 ÅR
 100.000 km

Redusert årsavgift - Gratis bompassering - Gratis parkering (off. park.plasser) - Adgang til kollektivfelt - Rekkevidde 150 km (etter EU-norm. Avhengig av kjørestil, temperatur og veiforhold) Full tank for ca. 16 kr (avhengig av strømpriser). Pris er inkl. frakt og andre lev. omk. Utstyrsdetaljer kan avvike fra standard. Forbehold om evt. trykkfeil.

i-MiEV

www.mitsubishi-motors.no | GARANTERT KVALITET



Eg lovar på tru og ære...

3 gode tips til riktig vedfyring.



1. Bygg bålet riktig - bruk tørr ved



2. Tenn fra toppen



3. Sorg for nok luft

Bergen Brannvesen, Bergen Kommune og Naturvernforbundet Hordaland har i haust gjennomført ein kampanje for riktig vedfyring. Den skal synleggjera korleis ein enkelt kan syta for mindre partikkelutslepp ved vedfyring.

Jorunn Vallestad

I periodar er luftkvaliteten i Bergen så dårleg at det er helseskadeleg å opphalde seg utandørs. Årsakene til dette er hovudsakeleg vegtrafikk og vedfyring, men kor mykje vedfyringa forureinar avhenger av korleis ein fyrar.

Saman med Bergen kommune og Bergen Brannvesen har Naturvernforbundet Hordaland denne hausten derfor gjennomført ei kampanje for riktig vedfyring. Målet med kampanja er å synleggjere enkle tiltak byens innbyggjarar kan gjere for å redusere partikkelutsleppa ved vedfyring. Folder med fyringstips har blitt distribuert til dei større utsalgstedene for ved, informasjonsmøter har blitt holdt og ein vellykka lanseringsdag med god pressedekning har gitt mange bergensarar kjennskap til kampanja.

I tillegg har rundt 200 personar signert vedløftet for riktig vedfyring, der dei lovar å alltid fyre med tørr ved, tenne opp bålet frå toppen, og tilføre nok luft til at det alltid er flamme. No gjenstår det berre å sjå om vedløftet blir halde.

Lansering på Torgallmenningen

Lørdag 13. oktober blei kampanja "Riktig vedfyring" lansert. Sola skein på dei ti frivillige som samman med feiarane og tilsette i Varme AS nytta dagen på å lære forbipasserande på Torgallmenningen korleis alle kan bidra til betre byluft i Bergen ved å fyre på riktig måte. I løpet av fire timar var godt over hundre vedløfter signert og 200 pølser sponsa av Gilde grilla over vedfyrte grillar. Medan dei vaksne fekk opplæring i riktig vedfyring fekk barna prøve seg på vedbøling og bygging av vedtårn.



Vedfyrte grill på Torgallmenningen 13. oktober 2012.

«Ingen ild uten røyk?»

Vedfyring i et miljøperspektiv

Tina Tracht

Som en del av høstens vedfyringskampanje hadde Naturvernforbundet Hordaland besøk av Lars Mytting, forfatter av salgs-suksessen «Hel ved», på Naturlig onsdag. En gruppe av ved- og miljøinteresserte fikk ta del i en interessant samtale om ved, ved-ovner og innovative fyringsteknikker mellom Lars Mytting og leder i Naturvernforbundet, Lars Haltbrekken.

I tillegg til spørsmål fra ordstyrer Jorunn Vallestad kom det mange interessante innlegg og spørsmål fra et veldig engasjert publikum. Det ble blant annet diskutert vedfyringens bidrag til klimaoppvarming, skogens rolle som CO2 lager, «kortreist ved» som alternativ til vedimport fra utlandet og sammenheng mellom vedfyring, strømpriser og utbygging av kraftlinjer. Det oppstod også en livlig diskusjon om fordeler og ulemper av passivhus. Nils Tore Skogland, daglig leder i Naturvernforbundet Hordaland, etterlyste innovasjon i ovn-bransjen, særlig når det gjelder kobling mellom vedovner og nye teknologier, som for eksempel solenergi, slik at man får et strømuavhengig og lukket energiforsyningssystem i huset.



Lars Haltbrekken, Jorunn Vallestad og Lars Mytting i samtale om vedfyring i eit miljøperspektiv på Naturleg onsdag

Spørsmålet om man kan fyre i Bergen sentrum med god samvittighet besvarte både Haltbrekken og Mytting med et klart ja. De nevnte likevel noen tiltak som må til for å redusere luftforurensningen som forårsaker helseplager: Mer energieffektive ovner og bedre kunnskap om vedfyring.

Lars Haltbrekken har som de fleste nordmenn også lært feil fyringsmåte, men synes

at Lars Myttings forklaring er innlysende: Gassene som oppstår under forbrenningen stiger opp. Blir de ikke tent på veien slipper de bare ut gjennom pipen, og mye energi går tapt. Gassene har ingen nytte for varme-produksjon hvis de ikke forbrennes. Derfor må det fyres fra toppen. Brenntiden blir da lenger, ilden brenner roligere og man får mer varme ut av samme mengde ved.

Bokmelding

"Hel ved"


Jorunn Vallestad

Med vedfyringskampanja i full gang og Lars Mytting på veg til Naturleg onsdag var det på høg tid å finne ut meir om fenomenet "Hel ved".

Usikker på kva eg hadde i vente fyrte eg i ovnen og satte meg godt tilrette i godstolen med mi lånte bok. Ei bestselgande bok om ved og vedfyring, det må jo nesten kallast ein sensasjon, men kan den fengje ein person med heilt gjennomsnittleg interesse for ved?

Det viste det seg at den kunne. Boka er nemleg ikkje berre tørre fakta, men veldig godt skrevet, med mange flotte formuleringar og gullkorn. Gjennom tematiske kapittel med lett filosofiske innleiingar og flotte illustrasjonar blir vi tatt med på vedens reise, frå vedskogen via motorsag og hoggestabe til knitringa i ein gammal Jøtul 602.

Vi får møte ihuga vedentusiastar og vedstalarar utanom det vanlege, samtidig som vi får enkle råd og fyringstips. Etter eit par timar foran peisen følte eg meg verkeleg litt nærare den norske folkesjela, og etter møtet med forfattaren på Naturleg onsdag, fekk boksamlinga eit nytt medlem.



Hordaland fylkeskommune er ein pådrivar og støttespelar for kommunar og næringsliv, driv samfunnsutvikling og legg til rette for ei berekraftig forvaltning av naturressursane.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**



Informasjon på www.hordaland.no



**Radøy
kommune**

**Radøy kommune, den
grøne øya støttar godt
naturvernarbeid.**



isrosa
økologisk is

No får du kjøpa isen her:

- :: Reindyrka, Chr. Michelsensgt.
- :: Gardsbutikken på Stend, Fana
- :: Det lille kaffekompaniet, Bergen
- :: Safari Midttun
- :: Safari Lagunen
- :: Butikk Josefine, Askøy
- :: Færingen, Kulturhuset Oseana
- :: Systrene Nilsen, Uskedalen
- :: Baroniet Rosendal
- :: Stemning, Rosendal
- :: Laga, Bjørkheim
- :: Voss vandrarheim
- :: Fartøyvernssenteret, Norheimsund
- :: Juklafjord kafé, Jondal

www.isrosa.no



karlsens.no

Velkommen til miljøhotellene
i Bergen sentrum, sentralt
beliggende nær kollektivtransport.



**Ekte matopplevelser med
lokale råvarer i hovedsetet.
Konferansekapasitet til 400.**

AUGUSTIN
HOTEL VINBAR BRAZZERIE

GRANDTERMINUS
HOTEL KONGRESS BRAZZERIE WHISKYBAR

augustin.no - ght.no



Biletet viser sjøis i Arktis i 1980 (til venstre) og 2012 (til høyre), som kartlagt av NASA. Fleirårig is vert vist i kvitt, medan gjennomsnittleg isdekke vert vist i lysblå til mjølkekvit. Kartet tek utgangspunkt i isdekke for perioden 1. november til 31. januar for dei to åra.

Klimaets tålegrense,

... hva er det og hvorfor ligger den på 350 ppm?

Anne Kristine Søvik

I 2009 foreslo en gruppe forskere ledet av Johan Rockström fra Stockholm Resilience Centre og Will Steffen fra the Australian National University et nytt begrep: "planetary boundaries" eller planetens tålegrenser. Ved å definere og kvantifisere tålegrenser for ulike livsstøttende systemer på jorden ønsket de beskrive et sikkert "rom" for menneskelig utfoldelse på vår felles klode. Ni systemer som er essensielle for livet på jorden er identifisert, og hvert av disse systemene har grenseverdier eller tålegrenser. Overskridelse av disse tålegrensene kan være svært skadelig på grunn av faren for at det settes i gang ikke-lineære, irreversible miljømessige endringer som vil kunne

få fatale konsekvenser for livet på jorden.

Basert på dagens vitenskapelige forståelse foreslo forskerne kvantitative tålegrenser (det vil si grenser som lar seg tallfeste) for syv av disse systemene og forsøkte å si hvor langt disse systemene allerede er blitt presset. Estimatenes deres viser at tålegrensene for tre av systemene, det vil si klimaendring, tap av biodiversitet og nitrogenforurensning, allerede ser ut til å ha blitt passert. De fire andre systemene der vi, ifølge forskerne, ennå ikke har passert tålegrensene er forurensning av havene, stratosfærisk ozon, ferskvann og bruk av landområder. For de to siste systemene, kjemisk forurensning og atmosfæriske aerosoler, er det ennå for lite kunnskap til at det kan set-

tes noen kvantitative tålegrenser.

Denne artikkelen vil ta for seg tålegrensen til klimaendring og vise hvorfor forskerne mener at vi allerede har passert denne tålegrensen. Atmosfærens konsentrasjon av CO₂ har økt med ca. 2 ppm (parts per million, milliontedeler) hvert år, fra et førindustrielt nivå på 278 ppm til dagens nivå på ca. 390 ppm. Dette har ført til en global oppvarming på ca. 1 grad celsius sammenlignet med førindustrielt nivå¹. Diskusjoner om hva som er en trygg, øvre grense for atmosfærisk CO₂ har vært ført i flere tiår. Rapporten til den britiske regjeringen "Stern Review on the Economic of Climate Change" i 2006 foreslo et nivå på 550 ppm CO₂-ekvivalenter (se faktaboks). To år tid-



Illustrasjon: NASA, i public domain.

